

Reigstad Bygg og Eigedom AS
 Osterfjordvegen 124
 5914 ISDALSTØ

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 20/15966 - 20/70357

Saksbehandlar:
 Anne Lise Molvik
 anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
 05.11.2020


Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden om opparbeidning av leikeplass f_L3 - gbnr 137/66 Alver

Tiltak: Leikeplass
Byggjestad: Gbnr: 137/66
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søker: Reigstad Bygg og Eigedom AS


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.09.2020.
 Vi beklagar sein tilbakemelding.

Omsøkt tiltak

Situasjonsplan



Reguleringsplanen



Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknadar:

Etablering av veg fram til pumpestasjon er i strid med arealføremålet og det må søkjast om dispensasjon. Det må i søknaden gjerast greie for korleis avkøysle og tilkomst til området skal skje, korleis vegtilkomst over området påverkar tilgrensande parkeringsanlegg og byggeområde og det må vurderast tryggleikstiltak slik at berre nødvendig trafikk til pumpestasjonen vil gå gjennom området.

Vi ber også om at de vurderer utforminga av leikearealet i forhold til intensjonen i føresegn 5.7 om bevaring av stadeigen vegetasjon som skjerming mot parkeringsareal og nabobygg, og ser om det er mogleg å ivareta dette i større grad enn slik tiltaket framstår i dag.

Kommunen vurderer at vegtilkomst til pumpestasjonen er nødvendig og vil prioritera behandlinga av søknaden når tilleggsdokumentasjon er mottatt. Vi vil ved behandlinga legga vekt på at trafikk inn i området skjer på ein trygg måte.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakhandsamingsfrist

Tidsfristar for sakhandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sommero Panorama AS Osterfjordvegen 124 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS Osterfjordvegen 124 5914 ISDALSTØ